



**SOM SILD I TØNNE:** Det var trengt om plassen på det to hundre meter lange sjømatbordet som strekte seg frå Tinghuset til Lindås Brygge.

# Sjømatbord for liten og stor



**GLAD I SJØMAT:** Torsk er favoritten, synest tiåringen Finn Laumark-Møller Vabø, som storkoste seg saman med mamma Solveig Laumark-Møller.

**LINDÅS:** – Me er komen på rett plass! seier Solveig Laumark-Møller, som var blant fleire tusen besøkjande på Sjømatbordet på Nedre Lindås i helga.

Av Ella Sandra Dahl Berland

Solveig Laumark-Møller og sonen Finn Vabø (10) er glade i sjømat, og var dermed i sitt rette element då dei tok turen til verdas lengste sjømatbord.

– Torsk er favoritten, synest Finn.

– Og så fiskekakene til far, dei er dei beste i verda!

**For liten og stor**

Sjølv om dei vaksne var i klart

fleirtal, var Finn eit levande bevis på at born likar fisk. Han er altetande, men føretrekkjer fisk framfor reker og skaldyr, som han òg er glad i.

– Blåskjel interesserar meg ikkje så mykje, meiner han.

Mora er veldig glad i kamskjel og krabbe, og særleg fiskesuppe.

– Ein vert fort lei av kokt fisk, så me må ha det allsidig, seier ho.

Ho hadde høyrd mykje om festivalen, og tenkte å ta ein titt.

– Her på Sjømatbordet har dei verkeleg gjort ein flott innsats, med så mykje variasjon! smiler ho.

Det same syntest Nathalia Valkner, som tok turen frå Askøy for få med seg sjømatbordet.

– Dette er noko som MÅ opplevast! seier ho.

Aage Olav Sandal forvilla seg til sjømatbordet på slump då han la ut på ein heilt tilfeldig biltur.



Foto: Ella Sandra Dahl Berland

– Det vart ein heilt fantastisk tur! smiler han.

### Samarbeid

Sjølv om sjømatbordet var hovudtrekkplasteret, bogna det med aktivitetar, utstillingar og underhaldning i mangfald, spreidd ulike stader på Nedre Lindås.

– Me prøver å treffa ulikt publikum med mange små arenaer i staden for éin stor, som er vanlegare på festivalar, seier Elisabeth Tonheim, prosjektleiar for arrangementet.

– Ved å spreia aktivitetane ulike stader i området, kan tilreisande få meir kjennskap til bygda og lokalhistoria, i tillegg til at det heile vert meir variert, fortel ho.

Den første ideen til arrangementet hadde Tonheim for eitt år sidan. Det danna grunnlag for samarbeid med dei seksten lokale aktørane som var representert.



**PÅ TUR:** Aage Olav Sandal hamna på sjømatbordet då han tok ein tilfeldig biltur frå Gulen, og Natalia Valkner kom frå Askøy.



**MALEKURS:** I det gamle Tinghuset hadde Solveig Serigstad Hauge (t.v.) teikneverkstad med fisk og sjø som tema. Kristina Bjerkaker (5) og Aina Henriksen (12) syntest det var interessant å læra teknikkar dei ikkje hadde prøvd før.



**ELIASBÅTEN:** Redningsselskapet sin vesle kjendisbåt var laurdag på plass i Spjeldnestangen for å gje dei minste ei morosam oppleving.



**PÅ BRYGGA:** F.v. Liv og Grethe Furelid, Kjell Harald Iversen, Edel Furelid Iversen (4) og Lena Furelid slappa av på Lindås Brygge etter å ta teke ein runde for å observera kunstverka i Sjøparken med eiga båt. – Det var veldig artig! meiner dei.

– Tanken var å laga noko litt annleis enn dagar som Austrheimdagane og Lindåsdagane, seier ho.

### Global klang

På kysten er fisk og sjø ein naturleg del av kvardagslivet. Dermed ville Tonheim laga til noko som viser fram det dei er stolte av. Bygda blei samla til å vera med på ein festival med global klang: Verdas lengste sjømatbord.

– Kvar gruppe driv med det dei gjer til vanleg, med unntak av det felles torget, sjømatbordet og brunsjen i skogen, fortel ho.

Sjølv om det er det første året ho arrangerer Sjømatbordet, har det gått merkverdig knirkefritt.

– Eg trur ein del av suksessfaktoren må vera at aktørane gjer det dei gjer til vanleg, seier ho.

Ho fortel at dei ikkje hadde formeining om kor mange dei skulle berekna mat, båt plass og bubilplass til.

– Likevel har alt gått bra! Og har ein arrangert noko éin gong, kan det reknast for tradisjon, så dette gler eg meg til å gjenta til neste år, smiler ho.



**VARIERT:** Laurdag frå klokka 12 til 16 var det torg på kaien ved Lindås Brygge, med produkt som sjømat, kjøt, bakst og grønnsaker.

Foto: Foto & Videogruppera i Lindås Ungdomslag



**HAVETS FRUKTER:** På verdas lengste sjøbord kunne ein prøva nær hundre ulike smakar frå havet, i form av lekre kanapear og fiskesuppe som varma i vinden.